

Uttale til ekspertutvalget om klimatilpassing

DNT er Norges største friluftslivsorganisasjon med over 350 000 medlemmer. Vi består av 56 foreninger med tilknytt lokallag som har ansvar for til saman rundt 600 hytter, 22.000 km med T-merka stiar og nesten 5000 km kvista løyper på vinteren.

DNT er og ein frivillig organisasjon med årleg rundt ein million dugnadstimar, der mykje av arbeidet går til fysisk tilrettelegging for friluftslivet, frå merking av enkle stiar, til bruprojekt og hyttevedlikehald. Eit endra klima gjev konkrete utfordringar for dette arbeidet.

Korleis påvirker klimaendringar friluftslivet?

Krevjande tilrettelegging og vedlikehald

Rapporten frå Norsk klimaservicesenter i år er den siste i rekka som viser at som følge av klimaendringane er vi utsett for meir ekstremvær i Noreg. Dette kjenner DNT på Gore Texen.

Våre foreiningar og frivillige opplev auka vassføring i elver, auka erosjon på stiar, hyppigare steinsprang og jordskred der det ikkje brukar å gå, med meir. Dette krev meir vedlikehald og delvis tyngre inngrep i samband med tilrettelegging enn før. Reparasjon og nybygging av bruer i fjellet, klopping av stadig våtare stiar, omlegging av eldre, skredutsette stiar og remerking av ruter og skilt er døme på slike tiltak. I mange tilfelle krevjast meir spesialkompetanse for omsøking, utforming og dimensjonering av tiltak. Samstundes vert det stilt fleire krav til rapportering og dokumentasjon av dugnadsarbeid, samt til vurdering og kartlegging av naturfare.

Med klimaendringane vert det og meir krevjande å ta vare på DNT hytter og anlegg som er del av Norges verneverdige og freda bygningsmiljø. Grunna våte periodar heile året, og mange stader færre samanhengande vintre, er ein av dei største trugslane auka førekomst av muggsopp og råte, samt raskare nedbryting av bygg som har stått i hundrevis av år gjennom kaldt vinterver og varmt, tørt sumarver. Dette tærer på historiske bygg og aukar vedlikehaldsbehovet.

For frivilligheita betyr dette at det blir dyrare og meir krevjande å halde friluftslivet tilgjengeleg og trygt for alle.

Godt merka og trygge stiar og turveggar, samt tilgjengelege hytter og nødbuer utgjer og ein viktig del av beredskapen i Noreg. Friluftslivets infrastruktur bør vere rusta for leiteaksjonar, nødly, evakuerings- og sikkerheitsruter om ulike beredskapssituasjonar skulle oppstå.

For strenge krav

Søkelys på naturfare og klimatilpassing i arealplanlegginga har ført til at kommunane i større grad enn før er merksame på farar i aktsemdsområde. DNT erfarer at fleire foreiningar og lokallag har fått krav om flaumvurderingar og reell faresonekartlegging i samband med tiltak på deira rutenett. Slik kartlegging står ikkje alltid i forhold til tiltaka som skal gjennomførast, eller sikringskrava som er knytt til tiltaksklassen. Utfordringa er tredelt, det handlar om uklårheiter til kva sti- og tilretteleggingstiltak som er søknadspliktige etter pbl § 28-1, om det er hensiktsmessig å krevje naturfarekartlegging, og i kva tilfelle det kan/bør stillast krav til dimensjonering og sikring.

Med andre ord så leiar kommunane sin tolking av regelverket og/eller behov for å heilgardere seg mot skadar, til at friluftslivet må dokumentere naturfare, og dimensjonere og sikre tiltak mot skade, utan omsyn til faktisk konsekvens (fare for liv og helse, og materielle og økonomiske skadar). Dette er dyrt og ressurskrevjande. Og å dimensjonere og bygge tiltak, til dømes bruer, som skal tole store flaumhendingar kan leie til større inngrep i naturen, enn om ein får bygge meir nøkterne tiltak i miljøvenlege material som tidvis kan stå under vatn, og som ein aksepterer at vert tatt av ein 100-års flaum. DNT meiner derfor det må utarbeidast tydelegare regelverk, rettleiing og praksis for at friluftslivet og frivilligheita framleis kan etablere nøkterne og hensiktsmessige løysingar for friluftslivet sitt sti og rutenett.

Mindre intakt natur

Vi vil og påpeike at friluftslivets naturgrunnlag er under krysspress – ikkje berre frå klimaendringar, men frå naturkrisa og det auka utbyggingspresset i samfunnet i dag. Det er dokumentert at vi mister meir og meir intakt natur i landet¹. Faktisk bygger Norge ned meir natur per innbygger² enn noko anna EU-land, og det er lite som tilseier at det kjem til å endre seg med det fyrste. Bit for bit bygger vi ned naturen vår og aukar konsekvensane av klimakrisa.

Klima- og naturkrisa må løysast saman³. Likefullt ser vi at fleire løysingar som gjev store naturtap, blir synt fram som ein del av svaret på klimakrisa. Til dømes er utbygging av vind- og vasskraft hovudårsaka til at vi har mista inngrepsfri natur dei siste 15 åra⁴, sjølv om eit av argumenta bak slike utbyggingsprosjekt er at dei vil gje “grøn” kraft. Og då Stortinget tidlegare i år avgjorde å svekke vassdragsvernet⁵, var ei av grunngevingane at kraftutbygging i slike vassdrag kunne bidra til flaumdemping – til tross for at dette er høgst usikkert⁶.

Tiltak og endringar for å tilpasse friluftslivet til klimaendringane

DNT hadde tre hovudinnspel til Stortingsmeldinga om klimatilpassing som vi vil gjenta her.

Tilskotsordning for klimatilpassing av friluftslivet sin infrastruktur.

For å imøtekoma ekstrakostnadene som sikring mot naturfare og klimatilpassing leiar med seg for friluftslivet og det frivillige arbeidet med tilrettelegging, meiner vi at regjeringa må etablere ein støtteordning for klimatilpassing av friluftslivet sin infrastruktur med midlar til kartlegging, førebyggjande arbeid og reparasjonar.

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/Inngrepsfrie-naturomrader/>

² https://www.nrk.no/dokumentar/xl/europa-fra-gront-til-gratt_-nordmenn-bygger-ned-mest-natur_-viser-europeisk-kartlegging-1.17577504

³ <https://www.un.org/en/climatechange/science/climate-issues/biodiversity>

⁴ <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/Inngrepsfrie-naturomrader/>

⁵ https://www.nrk.no/vestland/kraftige-reaksjonar-pa-_svekking_-av-vassdragsvern-1.17252323

⁶ <https://www.sintef.no/prosjekter/2024/kunnskapsgrunnlag-for-vurdering-av-vannkraft-i-vernede-vassdrag/>

Ein tilskotsordning kan opprettast over Klima- og miljøverndepartementet sitt budsjett (kap 1420), og/eller gjennom spelemidlane. I tillegg bør ein vurdere å auke naturskadeordninga⁷ og tilpasse denne til å omfatte frivillige organisasjonar og skader på friluftslivets infrastruktur.

Revidert regelverk og rettleiing til kommunane i høve byggesaker knytt til tilrettelegging for friluftslivet.

Vi anbefaler at regelverket, fyrst og fremst plan- og bygningslova og byggt teknisk forskrift (TEK17), vert gjennomgått med tanke på revidering for **forutsigberre og førehaldsmessige krav, risikoakseptkriterier og retningslinjer til kartlegging og sikring av naturfare** i samband med tilrettelegging. Altså byggesaker i utmarka for friluftslivet (som turstiar og bruer). Vidare bør det utarbeidast ein rettleiar for kommunane for handtering av byggesaker knytt til tilrettelegging for friluftsliv.

Naturbaserte løysingar for klimatilpassing

Naturen er det viktigaste verje vårt mot klimaendringane. Skog og myr absorberer og lagrar karbon, tar opp vatn og reduserer konsekvensane av flaum. Tre og vegetasjon bidreg til å hindre erosjon og jordskred, og skogar kan verne mot steinsprang og snøskred.

Med andre ord: Jo meir natur vi tek vare på, jo betre beskytta er vi mot klimaendringane. Vi er derfor glade for at Stortingsmeldinga om klimatilpassing har slått fast - **at naturbaserte løysingar for flom- og skredsikring skal brukast så langt det er hensiktsmessig**⁸. Og at regjeringa har anerkjent at naturbaserte løysingar kan vere eigna til å redusere flaum- og skredrisiko og samtidig betre miljøtilstanden i vassdrag⁹.

Men, naturbaserte løysingar for klimatilpassing må prioriterast aktivt og framhevast som den føretrekte metoden for klimatilpassing. I tillegg treng vi ein sterkare innsats på ivaretaking av natur som buffer mot klimaendringar.

Med helsing

Inger Lise Blyverket
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Juliussen
Seniorrådgjevar, naturforvalting
Den Norske Turistforening

⁷ <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/ordninger-for-eiendom/naturskadeordningen>

⁸ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-26-20222023/id2985027/>

⁹ NVE/NORCE: https://publikasjoner.nve.no/eksternrapport/2023/eksternrapport2023_03.pdf